



RADØY KOMMUNE
Austebygd skule og barnehage,
Slettevegen 872,
5939 Sletta

Info til føresette på skulen – september 2014

Info om endra buss-tider, aktivitetsplan og årsplanar.

Aktivitetsplan for 14/15.

Den 2. september hadde FAU konstituerande møte, og etter FAU-møtet hadde kvar kontaktlærer og foreldrerepresentant møte om sine klassar. Dei såg m.a. på framlegg til aktivitetsplan for 14/15, og på aktuelle saker til haustens foreldremøte for sin klasse. **Aktivitetsplanen ligg ved**, og som de ser på den, har me alt fastlagt datoar for svært mange faste aktivitetar i 14/15.

Endra busstider ved skuleslutt.

Etter å ha erfart at bussen heim etter skuleslutt var svært sein den første skuleveka, fekk me opplyst av ein av buss-sjåførane at rutetidene var endra. Bussen skulle no gå **frå skulen først kl. 13.50**. Denne endringa hadde ikkje skulen fått nokon informasjon om på førehand.

Skulen kontakta då først Skyss og seinare kommunalsjefen om saka, men det ser ut til å vera svært vanskeleg å få omgjort buss-tidene. I den nye bussruta som er gjeldande frå 01.08.14 - står også kl. 13.50 oppført som rutetid ved skulen. FAU vart informert om saka på møtet 2/9, og snakka då om at dei vil prøva å klaga på endringa.

Årsplanar for faga.

Som kontaktlærarane informerte om ved oppstarten av skuleåret, vil me også dette skuleåret bruka **Itslearning** til å leggja ut diverse informasjon på eigne foreldreområde for dei ulike klassane. Årsplanane for tema-faga vil vera lagt ut her innan 10.september. I årsplanane vil de m.a. finna **kompetansemåla** i Læreplanen av 2006 (Kunnskapsløftet). Kompetansemåla seier kva kompetanse elevane skal ha oppnådd i dei ulike faga etter 2.årstrinn, 4.årstrinn eller 7.årstrinn. I tillegg til kompetansemåla, inneheld årsplanane også meir **konkrete læringsmål** – som elevane har som delmål på vegen for å nå kompetansemåla.

I *norsk, matematikk* og *engelsk* (basisfaga), har me i tillegg til kompetansemål og lærings-mål, i år også med **"kriterier for måloppnåing"**. Desse viser meir konkret **kva eleven må kunna** for å nå kvart læringsmål - i mindre/stor grad:

I startgropa

Undervegs

I mål

I dei tre basisfaga vil årsplanane bli lagt ut for *ein* periode/eit tema om gangen – og ny periodeplan vert "publisert" i forkant av neste tema/ny arbeidsperiode. Mål og kriterier vil de også finna på elevane sine **vekeplanar** og **limt inn i arbeidsbøker**. Meir informasjon om arbeid med mål og bruk av kriterier på dei ulike årstrinna, vil de få på dei komande foreldremøta.

Lykke til som svært viktige støttespelarar i elevane sitt læringsarbeid!

Torunn Tolleshaug Hovden
rektor

Aktivitetsplan - 2014/2015 Austebygd skule (framlegg)

Veke	Dato	Aktivitet	Ansvar
33	13/8-15/8	Planleggingsdagar eigen skule	Leiing/ped.personale
34	18/8	1.skuledag for elevane	Leiing/personale
36	2/9	Møte FAU + kontaktlærarane	Leiing/kont.lærarane
38	15/9-17/9	Skulebasert vurd. - møte FAU+vara 15/9	Vurderarane + leiing
38	18/9	Foreldreskule-/møte 1. + 2.klasse	Leiing + kont.lærar
39	23/9	Foreldrerådsmøte: Kommunalsjefen med	Leiing
40	29/9	Foreldremøte 5.klasse + 6.-7.klasse	Kontaktlærarane
40	1/10	Foreldremøte 3.-4.klasse	Kontaktlærarane
40	2/10	Lesevake 5.-7.klasse (<i>Fri fredag 3/10</i>)	Kontaktlærarane
41		Skulen sin haustferie	
43	24/10	Markering FN-dagen/månadssamling	Skulen + bhg
45		Foreldresamtalar i alle klassane	Kontaktlærane
45	8/11	Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Kursregionen
49	3/12	Juleverkstad	+ tilsette
51	18/12 ?	Julegudsteneste skule-bhg kl.08.15	Sk + bhg + presten
51	18/12	Juleavslutning på Samf.huset kl.18.00	Sk + bhg + føresette
51	19/12	Julegraut for skulen og barnehagen - skuleslutt kl. 11.15 denne dagen	Sk + bhg + 7.klasse
1	5/1	Første skuledag etter nyttår	
6	6/2	Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Kursregionen
7	10/2	Foreldremøte i 1.-2.klasse	Kontaktlærarane
7	12/2	Foreldremøte i 5.klasse og 6.-7.klasse	Kontaktlærarane
8	16/2	Foreldremøte i 3.-4.klasse	Kont.lærar
8	17/2	”Skulefrukost” - for skulen og bhg	Kont.l. + 7.klasse
9		Skulen sin vinterferie	
12		Foreldresamtalar	Kontaktlærarane
13	27/3	Påskekafe	7.klasse + sk + bhg
14/15	30/3-6/4	Påskeferie	
17	23/4	Foreldrefest 1.- 4.klasse	Kontaktlærarane
18	29/4	Foreldrefest 5.-7.klasse	Kontaktlærarane
20	15/5	Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Leiing+ped.personale
21	18/5-22/5	Leirskuleveke for 7.klassingane	Leiing + kontl.lærar
21		Eksursjonsdag 1.-6.klasse (Tema/kor..)	
24	11/6	Sommaravslutning med grillfest	Sk+bhg (prog.)+ FAU
25 el. 26	18/6 el. 22/6	Avslutningsfest for 7.klassingane	Skule + elevar og føresette i 7.klasse
26	23/6	Siste skuledag i 14/15 – sluttar kl. 11.15	
Sjå også gjeldande skulerute for 14/15 for Radøy kommune.			

MÅNADSSAMLINGANE før jul: 26/9 – 24/10 – 1/12 – 8/12 – 15/12
etter jul: 23/1 – 13/2 – 27/3 – 30/4 - 29/5

Sjå elles datoar og info om månadssamlingar på elevane sine arbeidsplanar.